



Tormod Myklebust er ein krumtapp i hjelpesendingane til Ukraina frå Kvinnherad. Her er han i arbeid med lastinga foran Gamleskulen laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No rullar ein polsk semitrailar frå vårt distrikt mot hovudstaden Kiev i Ukraina. Som last har den sekkar fylte med klede, sengetøy, sko og leikar. Hjelpesendinga til dei trengande i aust fekk som venta stor oppslutnad under lastinga i Odda, Rosendal, Uskedalen, Husnes og Sæbøvik fredag og laurdag.

Oppslutnaden vart så stor at det måtte innkallast ein ekstrabil då innsamlinga nådde Husnes og det samla resultatet vart 1394 sekkar.-Heilt fantastisk, seier lokal primus motor Tormod Myklebust.

Ekstrabilen tilhørde Hjørnevåg, som sponsa bilen fram til Haugesund. Sekkane i denne bilen blir sendt nedover seinare.

Dei glade gjevarane var fulle av ros til dei som organiserer og arbeider med desse hjelpesendingane, Dei fekk mange fortente godord undervegs.

Lasterommet på hovudbilen har ein teoretisk kapasitet på 1.200 sekkar. Berre i Uskedalen vart innsamlingsresultatet 280 sekkar, like mange som i Rosendal. Likevel var det større oppslutnad under innsamlingsrunden i februar i år, då 400 sekkar kom inn her i bygda.

Denne gongen nyttar dei ikkje den vanlege bilen, men satsar på returlast med ein polsk semitrailar som kom med gods til Stavanger og som også har større kapasitet.

Sjåfor Mariusz Wierzbowski frå Lubin er glad for at han slepp å køyre tom nedover att.

I Odda var talet på sekkar 280, på Husnes 400 og i Sæbøvik 154.

Målet for denne hjelpesendinga er ein av dei mange landsbyane som ligg rundt Kiev, fortalde Vidar Akselsen, som leiar den kristne stiftinga THK (tro, håp og kjærleik) på Karmøy og som organiserar desse sendingane. Omfanget har stadig auka og i år vil det rulla meir enn 30 bilar med ein gjennomsnittslast på 1.000 sekkar til Ukraina, opplyste Akselsen til uskedalen.no. Den bilen THK plar bruka skal to gonger til Ukraina før jul.

Tormod Myklebust, som sjølv skal vera sjåfør til Ukraina til våren, legg vekt på at fordelinga av sendingane slett ikkje skjer på lykke og fromme, men etter ei nøye behovsprøving.

Han har sjølv vore med og gjennomført tre turar og strekar under det store behovet.

Av Ola Matti Mathisen



Det er ein velvaksen polsk bil som denne gongen køyrer klede, sengetøy, sko og leikar til Ukraina frå Kvinnherad. Men han var ikkje stor nok laurdag!(Foto: Ola Matti Mathisen)